



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5540 - 21/68471

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
20.10.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 443/81 Toska

**Tiltak:** bruksendring  
**Byggjestad:** Gbnr: 443/81  
**Tiltakshavar:** Laurits Klimek  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.06.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka og dei ulemper det har medført.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ansvarsrettar og gjennomføringsplan  
Sjølv om det er opplyst at tiltaket ikkje medfører bygningsmessige endringar, må det liggja føre erklæring om ansvar for funksjonane SØK, PRO for omsøkt bruksendring. I den grad det skal utførast bygningsmessig arbeid må det også liggja føre ansvar for UTF.
2. Utvida avkøyringsløyve  
Vi legg til grunn at eigedomen har avkøyringsløyve for fritidsbustad. Det må søkjast om utvida avkøyringsløyve for bustad. For at søknaden skal verta best mogleg opplyst tilrår vi at de nyttar standard søknadsskjema gjennom Statens vegvesen sin portal. Sjå her: [Alver kommune - Avkøyrse frå kommunal veg](#)
3. Arealrekneskap  
Det må gjerast greie for bygd areal og bruksareal for det enkelte bygg og eigedomen si utnyttingsgrad.
4. Mønehøgd må gjevast opp.

5. Det kan vera behov for utvida utsleppsløyve. Dette vil verta avklart i høyringsrunden og må eventuelt liggja føre før vi kan gje løyve etter pbl. kap. 20.
6. Det er søkt om unntak frå tekniske krav knytt til tettleik, varmeisolering og energibruk. Kommunen legg til grunn at alle andre krav knytt til bygningsdelar, planløyving, ytre miljø, brann, radon m.m. er stetta.

Søknaden er send på høyring i brev datert 14.10.2021.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Gro Klimek	Toskavegen 589	5936	MANGER
Laurits Klimek	Toskavegen 589	5936	MANGER

### **Mottakarar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
-----------------------------	-----------	------	--------